

Detaljeregulering for Lonene Aust.

Offentleg ettersyn og høyring.

Merknad frå Ørjan Valestrand

Planleggjar har skrive mykje varmt om «pensjoniststien»

Planleggjar meiner at stien går frå enden av Langheiane (der det er ein liten leikeplass) og bortover ryggen til toppen av den bratte delen av BKK-bakken i Brekkeløypa.

I realiteten går den såkalla « pensjoniststien» frå starten av Brekkeløypa opp til høgre. Mange av dei som bruker denne stien parkerer på parkeringsplassen rett over vegen frå der stien startar.

Stien går vidare oppover lia til venstre for Langheiane burettslag. Han tangerar Lonslia og går vidare opp til ryggen som vert kalla «pensjoniststien» i plandokumenta.

I plandokumenta er det fram til dit ingen endringar av stien, men så er stien teikna 50 meter fram og til venstre inn på ein asfaltert vei og følgjer denne i ca. 100 meter før han tar til høgre mellom nokre hus og opp til «pensjoniststien»

Dette er inga god løysing.

1. Denne stien er viktig som del av traseen på løpet «Knarvik Ekstrem».
2. Dagleg er det veldig mange brukara av stien. I sumar var det stolper oppi terrenget i samband med Stolpejakten. Av dei 8500 deltakarane i Stolpejakten 2022 (Alver), gjekk dei fleste opp denne stien.
3. For å kome opp i skogen - til dømes til Gamleskulen - er dette ein naturleg veg.

Eg ynskjer at Alver kommune ber planleggjar om å legge til rette for at stien vert rusta opp slik han ligg i dag. Ein vil då få ei grøn sone mellom husa som i dag er i Langheiane og det nye feltet.

Det er ikkje bra at folk på tur skal gå i slalåm mellom husa i det nye byggjefeltet.